
Fra: Sølve Rydland <solve.rydland@nrk.no>
Sendt: 13. februar 2015 10:53
Til: Postmottak Meland
Emne: KRAV OM INNSYN

KRAV OM INNSYN: Plassoppseiing av barnehageplass grunna manglande betaling

NRK har gjennom ei rekkje saker fortalt om barnehagebarn som har mista plassen i kommunale barnehagar, fordi foreldra ikkje har betalt rekningane sine. For å få eit meir heilskapleg bilete, går me no ut til kvar enkelt kommune for å finna ut kor stort omfanget er i den einskilde kommune.

Me ber med dette om å få eit oversyn over kor mange barn som mista plassen i dei kommunale barnehagane i kommunen i 2012, 2013 og 2014, grunna manglande betaling. Me ønskjer tal for kvart av dei tre åra.

Om de ønskjer å leggja ved ein kommentar om kva praksis kommunen har, i kva grad det er ei utfordring at foreldre ikkje betalar og korleis de meiner ordninga til kommunen fungerer, set me pris på det.

Håpar på eit snarleg svar.

Beste helsing

Sølve Rydland
Journalist, NRK
95240957